


Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune 2026-2027

1. Utfordringsbildet

1. 1. Det generelle utfordringsbildet

«Utviklinga viser at det vert færre barn, færre yrkesaktive og større behov for arbeidskraft innan helse og omsorg i samband med eldrebølga fram mot 2050.



Dette gjev utfordringar for oppvekstsektoren i høve tilgjengelege ressursar for offentlege oppvekstilbod.

Uansett om det er få eller mange barn er det viktig at oppveksten til barna vert så god som mogeleg. Det er viktig at kvart barn har ein trygg oppvekst med rom for å utvikle seg.

Oppvekst er ein viktig faktor i helse gjennom heile livet. Ved å redusere ulikskap i oppveksten gjennom å gje alle barn høve til å delta i fellesskapet saman med andre barn, kan oppveksten bidra til å gje betre helse på tross av sosiale skilnader. Samfunna i Stad kommune er prega av eit mangfald av ulike kulturar, livsstilar og verdiar. Dette er ein naturleg del av eit moderne samfunn, og utfordrar oss i høve det å skape fellesskap.

Helse og samfunnstilhøve heng saman. Greier vi å gjere ein innsats for å redusere ulikskap, kjem vi nærare eit samfunn med likeverdig helse». (*Frå Stad kommune sin Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035 kapittel 2, Status, utviklingstrekk og utfordringar*).

«Vi er no komne i ein situasjon der kultur blir mindre tilgjengeleg for delar av befolkninga. Det er eit skilje mellom dei som har råd å nytte seg av kulturtilbod og dei som ikkje har det. Dette gjeld gjennom heile “det kulturelle livsløpet”. Det er viktig at kulturplanen skisserer løysingar på korleis vi kan motverke dette. Om vi ikkje klarer å stanse denne utviklinga, klarer vi verken å nå samfunns målet vårt eller hovud målet i planen.


Tal basert på SSB-framskrivingar viser at vi i løpet av planperioden 2023 – 2035 vil ha ei befolkning som består av færre born, færre vaksne i yrkesfør alder og fleire eldre. Utvikling av kulturlivet vert halde fram som ein viktig faktor for stadsattraktivitet, bulyst, identitet og omdømme. I konkurransen om å rekruttere og halde på innbyggjarar kan kultur vere utslagsgjevande. Ei vidare satsing på kultur er soleis særskilt viktig, både for dei som bur her og dei som flyttar til». (*Frå Stad kommune sin Temaplan for kultur 2023-2035 kapittel 2, Status, utviklingstrekk og utfordringar*).

1.2 Omfang av barnefattigdom

Oppvekstprofilen for Stad kommune 2026 viser at kommunen ikkje skil seg signifikant frå landsnivået når det gjeld andelen barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg.

Dei 4 tabellane nedanfor viser andelen og antal barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt, og andelen og antal barn som kan vere i risiko for økonomisk sårbarheit i Stad kommune. I tabell 1 og 3 finn ein tilsvarende tal andel for Vestland fylke.


Tabell 1 Indikator på barnefattigdom i Stad kommune samanlikna med Vestland fylke (frå BUFDIR sin barnefattigdoms-monitor)



Tabell 2 Indikator på barnefattigdom i Stad kommune faktiske tal (frå BUFDIR sin barnefattigdoms-monitor)

Indikator	Verdi for sted
<u>Barn i husholdninger med vedvarende lavinntekt (2024)</u>	166 barn
<u>Barn i husholdninger med vedvarende lavinntekt og lav finansformue (2024)</u>	157 barn
<u>Barn i husholdninger med lavinntekt og lav finansformue, siste år (2024)</u>	175 barn
<u>Barn i husholdninger med vedvarende lavinntekt siste år etter lokale lavinntektsgrenser (2024)</u>	184 barn

Tabell 3 Indikator på barn i husholdninger med risiko for økonomisk sårbarheit i Stad kommune samanlikna med Vestland fylke (frå BUFDIR sin barnefattigdoms-monitor)



Tabell 4 Indikator på barn i husholdningar med risiko for økonomisk sårbarheit i Stad kommune - antal (frå BUFDIR sin barnefattigdoms-monitor)

Indikator	Verdi for sted
<u>Barn i husholdninger med enslig forsørger (2024)</u>	247 barn
<u>Barn i husholdninger som har mottatt sosialhjelp i løpet av året (2024)</u>	184 barn
<u>Barn i husholdninger uten yrkestilknyttede personer (2024)</u>	127 barn
<u>Barn i husholdninger som mottar mer enn halvparten av samlet inntekt gjennom offentlige overføringer (2024)</u>	189 barn
<u>Barn i husholdninger der minst én person mottar uføretrygd (2024)</u>	155 barn

1.3 Inkludering av barn og unge med nedsett funksjonsevne

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) slår fast at personar med funksjonsnedsetjing har dei same menneskerettane som alle andre, og forklarar korleis desse skal realiserast.

CRPD artikkel 30 understrekar at personar med funksjonsnedsetjing skal ha likeverdige moglegheiter til å delta i kulturliv, fritidsaktivitetar, underhaldning og idrett. Dette omfattar både deltaking i ordinære aktivitetar og aktivitetar som er særskilt tilrettelagde for personar med funksjonsnedsetjing.

Norske styresmakter er forplikta til å følgje føresegnene i CRPD i all politikkutforming og i all utøving av offentlig myndighet. Dette gjeld på alle nivå, både nasjonalt, i fylka og i kommunane. Kjelde: [BUFDIR](#).

Deltaking i organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar gir viktige moglegheiter til å etablere sosiale nettverk. I tillegg er dette viktige arenaer for læring, meistring og utvikling. Dette førebyggjer einsemd og utanforskap.

At bygg og uteområde er utforma på ein måte som sikrar tilgang for alle, er avgjerande for at personar med funksjonsnedsetjingar kan leve sjølvstendige liv og ha likestilt tilgang til tenester og

tilbod i lokalsamfunnet. Ein del personar med funksjonsnedsetjing har òg behov for personleg assistanse eller hjelpemiddel for å kunne delta i fritidsaktivitetar og samfunnsliv elles.

1.4 Førebygging av rusbruk – kommunen sitt handlingsrom

Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei minst éin gong dei siste 12 månadene har drukke så mykje at dei har følt seg tydeleg rusa, er ikkje signifikant forskjellig frå landet sett under eitt. Tala er henta frå Ungdataundersøkinga. Sjå meir om dette i Stad kommune sin oppvekstprofil som ligg ved denne planen.

I oppvekstprofilen finn ein god oversikt over kommunen sitt handlingsrom for førebygging av rusbruk. Der vert det både nemnt god foreldrerettleiing, tilgang på lågterskel helsetenester, tverrfaglege team for rusførebyggjande innsats så vel som medverknad frå born og unge sjølve og utstrekt støtte til og samarbeid med fritidsaktivitetar og frivillige organisasjonar.

Ved å kombinere tidleg innsats, kunnskapsbasert arbeid og tverrfagleg samarbeid kan kommunen bidra til å halde oppe dei positive trendane, prøve å snu negative utviklingstrekk og støtte ungdom som treng det.

1.5 Korleis møter Stad kommune utfordringsbiletet i dag

Tidleg innsats, gode relasjonar og tett samarbeid mellom heim, barnehage, skule og andre hjelpetenester er sentrale prinsipp Stad kommune sitt førebyggjande arbeid. Alle kommunale tenester som har born og unge som målgruppe, driv målretta førebygging på sitt felt. Nedanfor nemner vi nokre av dei tenester, tilbod og innsatsfelt Stad kommune har.

1.5.a BTI - Betre Tverrfagleg Innsats

Stad kommune har etablert BTI ordning. Betre Tverrfagleg Innsats, BTI-modellen, er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. Tidleg innsats handlar om å førebyggja meir og å avdekka vanskar tidlegare, hos både barn, unge og familiar som vi kjenner ei uro for.

1.5.b Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste

Denne avdelinga omfattar:

- Jordmorteneste
- Helsestasjon og skulehelseteneste
- Helsestasjon for ungdom
- BTI-team (Betre Tverrfagleg Innsats)

Helsesjukepleiarane har ansvar for helsefremjande og førebyggjande arbeid retta mot barn, unge og familiare deira.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er ei lovpålagd teneste for barn og unge i alderen 0–20 år. Tenesta omfattar også oppfølging av gravide som ønskjer svangerskapskontroll hos jordmor. Kommunal jordmorteneste er for tida plassert ved God start i Helse Førde sine lokalar.

Helsestasjonen er ein viktig del av kommunehelsetenesta og arbeider systematisk med helsefremjande og førebyggjande tiltak. Dette inkluderer både psykisk og fysisk helse, sosiale forhold og oppfølging av foreldre med behov for ekstra støtte. I år er vi med i skulefråværs prosjektet saman med PPT og oppvekst.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta har jamleg kontakt med barn og føresette i kommunen og spelar ei sentral rolle i arbeidet med å førebyggje, avdekke og avverje vald i nære relasjonar.

1.5.c Førebyggjande arbeid i skule og barnehage

I barnehagane blir det arbeidd aktivt med språk, vennskap, inkludering og sosial kompetanse gjennom lek, samspel og vaksne som er tett på barna i kvardagen. Kommunen arbeider med felles retningslinjer for språk-, lese- og skriveutvikling gjennom ei ny leseplan som omfattar både barnehage og skule.

I skulane er arbeid for eit positivt, trygt og inkluderande læringsmiljø ei høgt prioritert og kontinuerleg oppgåve. Skulane arbeider førebyggjande gjennom mellom anna haldningsskapande program, trivselsfremjande aktivitetar, trivselskalendrar, elevsamtalar og systematisk arbeid med klasse- og skulemiljøet.

Eit godt skule-heim-samarbeid er avgjerande for å lukkast med førebyggjande arbeid. Gjennom foreldremøte, utviklingssamtalar og jamleg dialog mellom heim og skule/barnehage kan ein tidleg fange opp utfordringar og saman finne gode løysingar. Når føresette og tilsette arbeider mot felles mål, styrkjer det barnet si utvikling, læring og trivsel.

For å førebyggje mobbing har kommunen ein felles handlingsplan for eit godt skulemiljø. Alle tilsette får årleg opplæring i regelverket for skulemiljø og aktivitetsplikta, slik at dei veit korleis dei skal handle dersom dei får mistanke om eller kjennskap til mobbing eller andre krenkingar. Elevar og føresette får årleg informasjon om skulen si nulltoleranse mot mobbing og om rutineane som gjeld dersom nokon ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt. Kommunen samarbeider også med Mobbeombodet i Vestland for å styrkje arbeidet både på individ- og systemnivå.

Det førebyggjande arbeidet blir styrkt gjennom tett samarbeid mellom skular, barnehagar, PPT, helsestasjon, skulehelseteneste, BUP og andre relevante fagmiljø. Kommunen deltek òg i felles kompetanseheving på tema som skulefråvær og inkluderande læringsmiljø, mellom anna i samarbeid med Statped. I tillegg sikrar felles skulereglar for kommunen lik praksis og tydelege forventningar på tvers av skulane.

1.5.d Universell utforming

Kommunen har lovpålagt ansvar for Universell utforming (UU) blant anna gjennom Plan- og bygningslova og anskaffelseslova. Alle bygg og uteområder skal vere utforma og tilgjengeleg utan funksjonshindre og tilretteleggast med UU for gåande, rullestolbrukarar og synshemma.

For barn og ungdom spesielt er dette tatt i vare gjennom lov, men også lokalt gjennom tilsyn og vernerunder på bygg og anlegg (leikeplassar og uteområder). Eksempel er utleigebygg, skulebygg og barnehagar, med heis, ramper og utan terkslar. I nyare bygg er dette på plass frå start og eldre bygg er typisk ramper og heisar/løfteplattformer ettermontert. Nokre bygg har ein ikkje moglegheit til å lage tiltak, og dette vil kunne medføre behov for riving og nybygging, eller at det må spesielt takast omsyn til ved bruk av bygga.

Uteområder og leikeplassar skal opne for alle og kommunen har i stor grad nytta EPDM/plasstøpt gummi fallunderlag som mogleggjer tilkomst på heile leikeplassen for alle, også dei med synshemming. Det er attståande noko arbeid knytt til UU for dei med nedsett syn, dette vere seg skilting og fargebruk for enklare å vise veg og hindringar. Andre tiltak er i møterom og mykje brukte salar/rom teleslynger for dei med nedsett høyrslé.

1.5.e Opplæring og integrering

Når familiar med barn og unge vert busette i kommunen, har integreringstenesta tett kontakt den første tida for å introdusere familien i lokalsamfunnet. Tilsette bistår i dialogen med barnehage og skule, både ved oppstart og gjennom året. Ein bistår også i kontakt med andre familiar, og hjelper dei å etablere eit nettverk for barna og foreldre.

Integreringstenesta informerer om ulike fritidstilbod som finnast på staden, og hjelper dei i gong med aktivitet.

For foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet, er foreldrerettleiing ein obligatorisk del. Her er det fokus på kva verdiar og forventningar ein møter i det norsk samfunnet.

Gode relasjonar med barn og ungdom er prioritert, slik at det er lett for dei unge å ta kontakt for å få tips og råd om kva ein skal gjere vidare (t.d. søke sommarjobb/skuleplass/Lånekassen, prevensjon, hjelp i konflikhtar, Spond m.m.)

1.5.f Kultur og fritid

Stad kommune tilrettelegg for kultur- og fritidsaktivitetar for barn og unge både i eigen regi og for frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar. Denne satsinga er forankra gjennom m.a. Temaplan for kultur, Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett og frivilligpolitisk plattform.

Stad kommune drifrar også eigne kultur og fritidstilbod som kino, bibliotek, operahus, der tilrettelegging for deltaking for alle er eit mål i seg sjølv. Bibliotek er ei gratisteneste for alle. Aktivitet i kino og operahus kostar normalt pengar å delta på. Med gåver og tilskot vert det lagt til

rette for både gratis kinoar, gratis kulturframsyningar og familielaurdagar med jamne mellomrom.

Stad kulturskule har eit rikt tilbod i heile kommunen. Dette er ein aktivitet som kostar ein god del å delta på. Kulturskulen ønskjer å få til gode gratistilbod til born og unge i ulike aldrar, og dette er hovudprioriteringa i dette førebyggingsprogrammet.

1.5.g Satsing på leseglede i skulane i Stad

Språkutvikling og utvikling av leseglede og leseferdigheiter er grunnleggande i det langsiktige arbeidet med utjamning av sosiale forskjellar. Stad kommune fekk våren 2026 midlar frå Udir til arbeid med utvikling av skulebibliotek på 935.000 kr, som eit ledd i den nasjonale satsinga på utvikling av leseglede og leseferdigheiter blant norske barn og ungdomar. Av desse midlane var 900.000 øyremerka kompetanseutvikling, noko som berre gjev 35 000 til innkjøp av bøker. Nye og aktuelle bøker er essensielt for å lukkast i dette arbeidet.

1.5.h Prosjekt “Bli med på fritidsaktivitet”

Frivilligsentralane i Stad har fått støtte til prosjektet “Bli med på fritidsaktivitet”. Ein prosjektmedarbeidar skal fram til juni 2027 arbeide målretta med både synleggjering av kva fritidsaktivitetar som finnest i kommunen og synleggjering av kva barrierar dei ulike aktivitetane vil ha for at born/unge kan delta. Det må også kartleggast kva ressursar vi allereie har som kan redusere/fjerne slike barrierar, og evt. kva nye tiltak som bør setjast inn.

Prosjektet skal resultere i arbeidsfordeling og rutinar for korleis kommunen på tvers av kommunalområde, frivilligråd/idrettsråd, frivillige, andre aktivitetstilbydarar, barn/unge sjølve og deira føresette/foreldre kan bidra til at alle får like moglegheiter til å delta i fritidsaktivitet.

2 Mål for tilskotsperioden

- «Barn i Stad kommune har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der dei får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til».
- «Stad kommune prioriterer førebyggjande og inkluderande aktivitetar og møteplassar slik at fleire opplever god livskvalitet, tilhøyrslø, læring og meistring».

(Frå Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038 Kapittel 7 Aldersvenlege og inkluderande samfunn).

Kommunalt førebyggingsprogram 2026 skal heilt konkret:

- a. Gi fleire gratis kulturskuletilbod for alle born i Stad kommune.
- b. Gi ei oppgradering av utstyr og utviding av opningstider på dei to BUA-ordningane i Stad kommune.
- c. Legge til rette for betre språkutvikling og leseglede for alle born og unge i heile Stad kommune.
- d. Styrke integreringstenesta si rettleiing av born og unge gjennom møteplassen.
- e. Styrke integreringstenesta sitt arbeid med å inkludere born og unge i ferie og fritidsaktivitet.

3 Medverknad

Saka skal handsamast av Stad ungdomsråd før endeleg vedtak.

Tilskotsordninga er etablert i 2026. Regjeringa har signalisert at ordninga vil bli vidareført og utvida. Difor vil det bli naudsynt å etablere rutinar for medverknad og politisk forankring av arbeidet med denne planen kvart år. Då vil m.a. Stad ungdomsråd og andre i målgruppa kunne involverast tidlegare i prosessen.

4 Innsatsar og tiltak for 2026 med framdriftsplan

Universelt tiltak: Musikk og dans i Barnehage- Stad kulturskule og barnehagane i Stad

Ein kulturskuletilsett reiser til barnehagane for å ha musikk og dans med barna.

Samlingane kan bidra til å utvikle/fremme :

Språk: Artikulasjon av ord i song, klapping av stavingar i ord og bruk av rim og regler vil stimulere språkutviklinga hjå barnet.

Samhandling: Sidan musikksamlingane er tenkt som eit undervisningsopplegg i gruppe vil barna få trening i å samhandle med andre. Dei vil til dømes måtte vente på tur, vise respekt for dei andre barna sine uttrykk og samarbeide for å få til noko i lag. Songane kan og ha ulike sosiale tema som til dømes venskap og mangfald.

Meistring og identitet: I møte med musikk og dans kan barna få moglegheit til å uttrykke seg på ein annleis måte. Ein kan oppleve at tilbakehaldne barn «tek plass», og urolege barn finn roen. Det å få utfalde seg gjennom musikk kan gje barnet ei kjensle av meistring og identitet.

Motorikk og koordinasjon: Songleikar, dans, rytmeleikar og spel på instrument vil i tillegg til andre eigenskapar også trene motorikk og koordinasjon.

Musikkoppleving: Eit møte med musikk i tidleg alder vil fremje musikkglede seinare i livet. Det kan vere starten på «det kulturelle livsløpet».

Kunnskap: Mange songar som vert nytta handlar om til dømes årstider, kroppen, fargar, bokstavar, tal m.m.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Løn, køyregodtgjersle, innkjøp av utstyr

Framdrift:

Oppstart - september 2026

Tilsetting i 22% - frå 01.09.26

Aktivitet kvar veke utanom haust- og juleferie fram til 31.12. Budsjett 2027 indikerer vidareføring av aktivitet i 2027. Både haust og vår.

Universelt tiltak: «Barnekor for alle» - Stad kulturskule

Dette er eit tilbod til barn i barneskulealder på Nordfjordeid på kveldstid. Det skal vere gratis eller tilnærma gratis. Det krev ingen forkunnskap, og alle kan delta. Barna vil oppleve, glede, meistring og tilhøyrslø. Song er også utviklande for språket.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Løn, innkjøp av utstyr

Framdrift:

Oppstart - september 2026

Tilsetjing i 10% - frå 01.09.26

Aktivitet kvar veke utanom haust- og juleferie fram til 31.12. Budsjett 2027 indikerer vidareføring av aktivitet i 2027. Både haust og vår.

Universelt tiltak: Gratis band-tilbod i ytre- Stad kulturskule

Dette er eit tilbod for ungdom. Tilbodet er opent for alle uavhengig av bakgrunn. For ungdom som elles ikkje deltek i fritidsaktivitetar vil dette vere ein ny møteplass der ein kan oppleve tilhøyrslø, meistring og skaparglede.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Løn, køyregodtgjersle, innkjøp av utstyr

Framdrift:

Oppstart - september 2026

Tilsetjing i 20%- frå 01.09.26

Aktivitet kvar veke utanom haust- og juleferie fram til 31.12. Budsjett 2027 indikerer vidareføring av aktivitet i 2027. Både haust og vår.

Universelt tiltak: Gratis dansetilbod for aldersgruppa 18-24 år (inkludert elevar på Fjordane folkehøgskule)- Stad kulturskule

Undervisning i dans for aldersgruppa 18-24 år. Gjennom å delta på dans vil dei unge vaksne

- oppleve å få og ta ansvar for aktivt å byggja gode lokalsamfunn gjennom personlege evner.

- få tilhøyrslø til og lære å danse • kjenna meistring gjennom faste undervisningstimar og

- tilrettelegging for heimearbeid • lære teknikkar • utvikle kunnskap om faget slik at eleven

- opplever å bli aktiv i eiga formidling • utvikle meistring, sjølvkjensle og kreativitet (frå fagplan i

- dans for Stad kulturskule).

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Løn, innkjøp av utstyr

Framdrift:

Oppstart - september 2026

Tilsetjing i 8% - frå 01.09.26

Aktivitet kvar veke utanom haust- og juleferie fram til 31.12. Budsjett 2027 indikerer vidareføring av aktivitet i 2027. Både haust og vår.

Universelt tiltak: Styrking av BUA Selje og BUA Eid- Selje Frivilligsentral, LA-senteret Nordfjordeid

BUA Eid var etablert i 2017 og BUA Selje vart etablert i 2020. Begge BUA ordningane har blitt godt innarbeidd og er mykje brukt. Utfordringa er akkurat no å ha nok personellressursar til å ha gode opningstider (spesielt på ettermiddag/tidleg kveld). I tillegg er mykje utstyr slite og øydelagt etter mange års bruk. Difor vil denne aktiviteten ha 3 tiltak i 2026:

- a. Etablere ei 40% stilling begge BUA-ordningane (til saman 80%) som kan utvide opningstidene, vedlikehalde utstyr og lage prioriteringslister på kva utstyr som skal kjøpast inn nytt.
- b. Etablere sjølvbetjent BUA-ordning i Selje der deler av BUA Selje sitt utstyr vert tilgjengeleg for utlån heile døgnet.
- c. Kjøpe inn nytt utstyr til begge BUA ordningane.

BUA ordningane gir alle barn like moglegheiter til å delta i fritidsaktivitet og i friluftaktivitetar i privat regi og i regi av frivillige organisasjonar, barnehage og skule m.fl. Her vil aktivitetsutstyr vere tilgjengeleg heilt gratis for alle.

BUA ordningane har mange samarbeid på tvers av sektorar i Stad kommune og tilrettelegg for utstyr i mange aktivitetar i kommunale tenester som skule/barnehagar, opplæring/integrering m.fl. I tillegg har Stad kommune BUA drift som valfag i skulen (Innsats for andre), BUA-drift som sommarjobb for ungdom m.m.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Løn, innkjøp av utstyr og tilrettelegging av ubetent BUA

Framdrift:

Oppstart - september 2026

Tilsetjing i 2 x 40% - frå 01.09.26 - 31.12.2026

Eablering av sjølvbetjent BUA i Selje hausten 2026

Innkjøp av nytt utstyr når ein har fått god oversikt over behov.

Budsjett for 2027 indikerer vidareføring av stillinga i 20% på kvar BUA-ordning frå i 2027, utstyrsjøp og sjølvbetjent BUA ordning i Selje

Universelt tiltak: Bokstart - eit samarbeid mellom Stad Biblioteket og Stad Helsestasjon

Eit nasjonalt prosjekt som er frivillig å delta i. Skal sette fokus og legge til rette for tidleg lesing for borna, og synleggjere dei gode effektane dette har for barnet si utvikling: <https://stiftelsenlese.no/leselystprosjekt/bokstart/helsestasjon/>

Biblioteket organiserer og legg til rette. Helsestasjonen delar ut ei bok, eit rettleiingshefte og ein folder om biblioteket, som regel på 8mnd. kontroll, men det kan helsestasjonen bestemme sjølv. Ein svært låg kostnad per barn, som forhåpentlegvis betalar seg i løpet av barnet sin oppvekst!

Kostnader:

- Bok pluss rettleiingshefte = kr. 16,- per born
- Porto/omkostningar = 1000,- (årleg)

- Utarbeiding av folder om biblioteket for aldersgruppa 0-2 år= kr. 5 000,- (eingongskostnad)

Prosjektet kan også utvidast til å gjelde ei gratis bok som foreldre kan hente på biblioteket. Helsestasjonen delar då ut eit "gåvekort" som dei delar ut til foreldre på 2-årskontroll. Her er kostnaden noko høgare per barn, litt avhengig av kva bok ein vel ut.

Kostnader (overslag):

- Bok: 100-120kr per barn.
- Porto/omkostningar: 1000,-
- Utarbeiding av folder om biblioteket og lesestimulering for aldersgruppa 2-6 år= kr. 5 000,- (eingongskostnad)

Tiltaket er kommunalt, tverrsektorielt og er direkte retta mot både den kommunale og nasjonale satsinga på leseutvikling, som skal føre til auka lesedugleik for borna, noko som på sikt vil gje mindre læringsvanskar og mindre behov for ekstraressursar i undervisninga.

Språkutvikling og utvikling av leseglede og leseferdigheiter er grunnleggjande i det langsiktige arbeidet med utjamning av sosiale forskjellar.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Innkjøp av bøker og utarbeiding av informasjonsmateriell

Oppstart – september 2026

Utarbeiding av informasjonsbrosjyrar og utdeling av bøker kjem i gang i løpet av hausten. Budsjett 2027 indikerer vidareføring av aktivitet i 2027.

Universelt tiltak: Innkjøp skulebibliotek- Stad Bibliotek og alle skulane i Stad (inkludert dei private)

Stad kommune fekk våren 2026 tilskot frå Udir til utvikling av skulebibliotek, på over 900.000 kr. Av denne potten var berre 35 000,- sett av til innkjøp av bøker, noko som gjer ein sum på kr. 3 500 per skule (inkl. Kjølsdalen og Bryggja). Dette er altfor lågt til å ha nokon reell effekt.

Dersom ein hadde sett av ein sum frå den nye potten til bokinnkjøp, kunne ein ha auka tilskotet vesentleg, dersom ein legg dette til dei 3 500,- som skulane allereie skal få:

100 000,- = 13 500,- per skule

150 000,- = 18 500,- per skule

200 000,- = 23 500,- per skule

Denne potten kan også justerast opp og ned alt etter kva der er pengar til på budsjettet/prosjektplanen.

Tiltaket er kommunalt, tverrsektorielt og er direkte retta mot både den kommunale og nasjonale satsinga på leseutvikling, som skal føre til auka lesedugleik for borna, noko som på sikt vil gje mindre læringsvanskar og mindre behov for ekstraressursar i undervisninga.

Fordelar

Aktiviteten er kommunal, og vil styrke nokre av dei oppgåvene vi allereie er pålagde å gjere, men som har få andre stadar å søkje eksterne midlar.

Tiltaka når alle born i kommunen gjennom helsestasjon og skule, og dei er direkte retta mot både den kommunale og nasjonale satsinga på leseutvikling, som skal føre til auka lesedugleik for borna, noko som på sikt vil gje mindre læringsvanskar og mindre behov for ekstraressursar i undervisninga.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Innkjøp av bøker til alle skulebiblioteka i Stad kommune.

Framdrift:

Oppstart – september 2026

Innkjøp av bøker kjem i gang i løpet av hausten.

Budsjett indikerer kostnad med vidareføring av aktivitet i 2027.

Målretta tiltak: Møteplass for ungdom - Opplæring og integrering

Møteplass for ungdom no lokalisert på Stad bibliotek – hovudbiblioteket. Møteplassen har ulike aktivitetar frå gong til gong, alt frå bingo og informasjon om sunt og rimeleg kosthald til besøk av politi, køyreskule, tannlege eller andre som ungdomane treng informasjon frå. Her møter ungdomane også vaksne dei kan spørje om ting dei lurar på, samt få hjelp til å søke på skule/jobbar.

Dette er ein aktivitet Stad kommune har organisert i fleire år. Tilskotsordninga opnar for at midlane kan gå til å styrke slike tiltak.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Innkjøp til aktivitet

Dekking av lønskostnader

Framdrift.

Aktivitet kvar veke stort sett heile året.

Budsjett indikerer kostnad med vidareføring av tilskot til aktiviteten i 2027.

Målretta tiltak: Deltaking på Klenkarberget sommarcamp-Opplæring og Integrering

Ein aktivitetstilbod i sommarferien i regi av Haugen IL . Her kan også barn av flyktningar få erfaringar frå friluftsliv og sommaraktivitetar saman med jamaldrande. Sidan det ikkje er gangavstand til dette tilbodet, vil kommunen organisere transport for desse barna (mange familiar har ikkje bil).

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Transportkostnader

Dekking av lønskostnader - Tilrettelegging for deltaking

Framdrift.

Aktivitet kvar veke stort sett heile året.

Budsjett indikerer vidareføring av tilskot til aktiviteten i 2027.

Målretta tiltak: Støtte til fritidsaktivitet for barn-Opplæring og Integrering

Barn til foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet får dekt ein fritidsaktivitet (f.eks fotball, kulturskule). Prisen vil variere kor mange barn som nyleg er busette, og kva aktivitetar dei vel.

Aktiviteten får hovudsakleg midlar til:

Dekking av kontingent/deltakaravgift

Framdrift.

Aktivitet gjennom heile året.

Budsjett indikerer kostnad med vidareføring av tilskot til aktiviteten i 2027.

5 Budsjett

Støtte frå Bufdir: 895 528 kr

Prioriterte tiltak i 2026:

Tiltak	Kostnad
1. Musikk og dans i barnehagen	110000
2. Barnekor for alle	40000
3. Dansegruppe 18 – 24 år	30000
4. Bandtilbod i ytre	129000
6. Styrking av BUA	250000
7. Bokstart	18000
8. Innkjøp skulebibliotek	200000
9. Internasjonal møteplass for ungdom 12-18 år	86000
10. Deltaking på Klenkarberget Sommarcamp og evt. Andre ferieaktivitetar	22000
11. Støtte til fritidsaktivitetar for barn	10528
Kostnad totalt	895528

309 000 totalt til tiltak i Kulturskulen

250 000 totalt til BUA

218 000 til bibliotek

118 528 til opplæring og integrering

Kostnad med vidareføring av tiltak i 2027:

I skrivande stund veit vi lite om kor mykje midlar som vert løyvd til Stad kommune i denne tilskotsordninga i 2027. Tilskotshavar har indikert at Stad kommune kan pårekne tilsvarande beløp og kan hende eit større beløp i 2027.

Tiltaka som gjeld gratis kulturskuletilbod må sikrast vidareføring minimum ut skuleåret 2026/2027 og gjerne halde fram vidare.

Det er også særskild ønskeleg med vidareføring av stilling i BUA ordningane, slik at dei vert meir tilgjengelege, då med ein lågare prosentstilling (20% på kvar av BUA ordningane). Prioritering av midlar for 2027 må ein kome tilbake til når ein har fått tilsegn om desse midlane.

Budsjettet nedanfor viser heilårskostnad med vidareføring av aktivitetane i 2026.

Tiltak	Kostnad
1. Musikk og dans i barnehagen	245000
2. Barnekor for alle	90000
3. Dansegruppe 18 – 24 år	73000
4. Bandtilbod ytre	240000
5. Styrking av BUA	250000
6. Bokstart	15600
7. Innkjøp skulebibliotek	200000
8. Møteplassen	100000
9. Tilrettelegging for deltaking på ferietilbod inkl. Klenkarberget Sommarcamp	30000
10. Deltaking på fritidsaktivitet	20000
Kostnad totalt	1263600

6 Forankring i overordna strategiar og planar

- **Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038** Kapittel 7 Stad kommunestyre har peika ut følgjande sentrale tema som ein skal arbeide særleg med under satsingsområdet *Aldersvenlege og inkluderande samfunn*: Mellom anna «Barn i Stad kommune har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der dei får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til». Og vidare «Stad kommune prioriterer førebyggjande og inkluderande aktivitetar og møteplassar slik at fleire opplever god livskvalitet, tilhørslse, læring og meistring».
- **Kommunedelplan for oppvekst 2023-2025** Kapittel 3 Overordna oppvekstmål «Barn i Stad kommune har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der dei får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til». Innsatsområde: Barn og unge si helse. Barnehage og skule som oppvekstarena. Førebyggjande arbeid og samarbeid om oppvekst.
- **Temaplan for kultur**, Kapittel 4.2 Delmål: Stad kulturskule gjev opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet. Stad kulturskule er aktiv i samfunnsutviklinga. Stad kommune gir alle barn i kommunen eit kulturskuletilbod.
Kapittel 4.2.4 Oppdrag/tiltak: *Utvikle tilboda i kulturskulen*, mellom anna: Utvide tilbodet om musikk i barnehage. Utvide eksisterande tilbod innanfor visuell kunst, dans, song og instrumentalopplæring. *Stad kulturskule skal samskape og samarbeide med andre*

aktører, mellom anna: Styrke kulturskulen som ein del av den kulturelle grunnmuren. Skape arenaer og møtestader der folk kan oppleve og utøve kultur. Gjere tilbodet økonomisk tilgjengeleg for alle.

- **Nasjonal Rammeplan for kulturskulen** (vedteke i Stad kommune). Kulturskulens visjon er kulturskule for alle. Eit av måla i denne planen er «alle kulturskulens elevar og andre som møter kulturskulens tilbod, får moglegheit til å styrke sin sosiale og kulturelle kompetanse og finne si eiga stemme i samfunnets fellesskap».